

NAUDINTELLIGENS HOS ORANGUTANGAR

I kveld, i Adelaide dyrehage, lukkast orangutangen Karta med å kortslutte eit elektrisk gjerde ved å stikke ein kvist ho hadde slikka på, inn i ein sikringsboks og klatre over. Ved neste gjerde fann orangutangen inga grein som passa, og byrja i staden å byggje ein haug av mold og lauv opp mot gjerdet. Til slutt steig ho opp på haugen og svinga seg over og ut i det sanne Australia. Men så snart ho landa på den andre sida av gjerdet, var det som om ho vakna frå ein draum. Ho vart berre ståande rett opp og ned, perpleks og orangutal. Utan krangel lét ho seg leie inn att av ein tilsett, utan eingong å vite at ein uvanleg augneblink hadde passert.

*

MISFORSTÅINGA

«Den tiltala har alt skildra korleis lyset i taket i tunnelen gjekk då han var komen halvvegs, og korleis han følte at alle som hadde omkome der inne gjennom åra, kom og liksom skulle 'ta' han, og at han famla seg fram til ei metalldør og kom inn i ein enorm, kvit hall med ei vindeltrapp og smelte døra igjen bak seg. Kva gjorde du så, Amundsen?»

«Eit lite søkk i eine veggen lokka med dusj og brun pinnestol.»

«Ja?»

«Og eg var grå av eksos og tenkte vel at det var like greitt å ta ein dusj i det søkket medan eg venta på at nokon skulle få i gang lyset i tunnelen att. I løpet av dusjen vart eg så kald at den opphavlege planen min om å tørke meg med mine eigne klede vart for våt mot kroppen, eg såg meg rundt etter alternativ. Og det var då eg fekk auge på ein raud kjeledress under vindeltrappa, eller det som såg ut som ein raud kjeledress.»

«Kva ville du med kjeledressen?»

«Dersom kjeledressen var tom, kunne eg bruke han som handduk.»

«Så gjekk du nærmare, stemmer dét?»

«Ja, forsiktig nærmare. Vindeltrappmørker er kjent for å vekse dess nærmare ein kjem, så då eg var nær nok til å nå kjeledressen, våga eg ikkje stikke den nakne handa inn i dét mørkret, og eg ville ikkje sjå inn der.»

«Forklar kvifor du ikkje ville sjå inn der, Amundsen.»

«Eg meiner at pupillen sitt ibuande, intense mørker ikkje har godt av å møte sitt likemørker, det kan forplante seg, og ingen likar nakne menn som med tvers gjennom ramnsvart kropp slepar seg ut av tunnelar på morgonkvisten, hundsa og pissa på av rasande gjenferd, så eg vridde hovudet til det knaka i nakken.»

«Kan du demonstrere?»

«Slik.»

«Du skildrar opplevinga av å ha handa inne i det mørkret på ein spesiell måte, kan du gjenta det for salen?»

«Eg kunne kjenne mørkret smake på naglebanda mine medan fingrane fomla etter den raude kjeledressen.»

«*Smake på naglebanda dine medan fingrane fomla etter*, eg ber salen leggje merke til denne merkelege formuleringa».

«Kvar vil du med dette»? bryt dommaren inn.

«Eg vil berre vise at Amundsen misforstod alt denne kvelden og difor må frikjennast. Han trur han sykla: Det er ei misforståing, han gjekk. Han trur lyset gjekk i tunnelen han sykla i: Nei, lyset slo seg automatisk på i garasjen, han misforstod. Han trur han kom inn i ein enorm sal: Misforstått, det var bilen hans, enkelt og greitt bilen hans han kom inn i. Kva var det neste som skjedde? Den brune pinnestolen, berre at det var ikkje ein brun pinnestol, nei, det var bilsetet ditt Amundsen, du misforstod. Misforståinga som så følgjer, er kanskje den mest forstålege: Ein skruer på dusjen, trur ein, men heisann, så var det tenninga på bilen, og bilen startar, og kva er dette som strøymar gjennom håret, er det vatnet frå dusjen, nei, du har *misforstått!* det er vinden frå takluka. Amundsen seier så at han bevega seg forsiktig framover, og i dette ligg neste misforståing: han bevega seg alt anna enn forsiktig framover, han *susa av garde i revers*. Den raude kjeledressen var den fornærma, Halvard Saaker, misforstått. Og ønsket om å dra Halvard Saaker ut av sinnssjukdomen han no er i som følgje av påkøyringa, ja, det misforstår Amundsen som kjensla av at mørkret *smakte på naglebanda hans medan fingrane fomla etter den raude kjeledressen.*»

«Meiner du at han hallusinerte?» spør dommaren.

«Berre viss ein kan seie at ein delirisk mann *forvekslar* fråværet av rosa elefantar med nærværet av rosa elefantar. Men eg er sikker på at juryen er motstandarar av å tømme språket for meining på den måten og heller går med på at persepsjonen til Amundsen rett og slett hadde ein dårleg dag. Kan vi krevje av eit menneske at det skal vere hundre prosent med heile tida? Kvifor kom til dømes halve juryen for seint i dag?» spør forsvarar meg.

«Fordi vi trudde 8-talet var ein B», svarar eg.

«Skal ein difor anklage deg for å mangle respekt for rettsprosessen, eller vil du heller seie at du ...»

«Misforstod», lèt han juryen stilt konkludere.

Rettsaka vert avslutta i morgon, med fleire vitneavhøyr og prosedyrane til aktor og forsvararane.

*

PRESISE KJÆRTEIKN

Eg er fødd ut av kjærleik til ideen om meg sjølv som barn, for eg er klappa og stroken fram att frå inkje. I sofaen akkurat der ho sakna hovudet mitt, dreiv mor mi sin demente pantomime år etter år, ho klappa og strauk på same staden i lause lufta, med saknets presisjon. Kan hende vart røynda overttydd om at det verkeleg var nokon der, for så overttydande kjende mor skallen min at eit avtrykk vart skapt litt etter litt og lag

på lag, til eg hang att under dei presise kjærteikna. Når eg til slutt kunne reise meg frå sofaen, anerkjende ho meg ikkje, ho heldt berre fram å klappe og stryke på same staden.

Eg er ikkje overtruisk, så noko skrømt trudde eg aldri eg var. Men heilt til den dagen eg fekk innvilga banklån i mitt eige namn, sleit eg med mistanken om at eg var mor sitt, orsak ordspelet, fantasifoster. Men så lenge banken kunne sjå meg for den mor meinte eg var, reknar eg min eksistens som god nok for denne verda.

Elskar ein son i sin tur mor si høgt nok til å klappe ho fram att frå inkje? Det får tida vise. Men eg trur det. Eg håpar det.